

 HELSE BERGEN Haukeland universitetssjukehus	<h2>Tablett -og krembehandling av skabb</h2>
Kategori: Pasientbehandling/Pasientforløp og pakkeforløp	Gyldig fra/til: 23.11.2022/23.11.2023
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Hudavdelingen	Versjon: 3.00
Godkjenner: Alf Henrik Andreassen	Informasjon
Dok. ansvarlig: Ingeborg M. Bachmann	Dok.id: D67170

TABLETT OG KREMBEHANDLING AV SKABB

KVA ER SKABB ?

Skabb er ein midd som lever og legg egg i gongar som han grev i det øvste hudlaget. Skabbmidden måler 0,3-0,5 mm.

KORLEIS SMITTAR SKABB?

Skabb kan smitte ved direkte hudkontakt, ved seksuell kontakt og i einskilde tilfelle via tekstilar. Midden trivst best i varmt miljø som til dømes i ei seng. Lege kan stille diagnosen ved å finne skabbmidden i huda og påvise han i mikroskop.

SYMPTOM

Det vanlegaste symptomet er sterk kløe som hjå dei fleste blir verre om kvelden og om natta. Kløen startar som regel 4-5 veker etter smitte. Ein kan ikkje sjå sjølve skabbmidden utan mikroskop, men dei fleste får eit raudt utslett, oftast mellom fingrane, på handledda, olbogane, rundt midja, på låra og kjønnsorgana.

Ved mistanke om skabb bør du kontakte lege, som kan finne skabbmidd og stille diagnosen.

BEHANDLING

Permetrinkrem (Nix®/Permetrin®) får du kjøpt reseptfritt på apoteket.

Benzylbenzoatkrem/emulsjon (Tenutex®) må du få resept på. Barn over 2 månader kan bruke begge preparata, men Tenutex svir og kan vere vanskeleg å bruke på små barn. Gravide skal berre bruke Tenutex® i samråd med lege.

Legen din har bestemt at du i tillegg til krembehandling også skal bruke ivermektin tablettar (Scatol®).

MÅ ANDRE NÆRKONTAKTAR BEHANDLAST?

Personar du har nærkontakt med bør behandlast sjølv om dei ikkje klør. Med nærkontakt meiner vi alle i husstanden og andre som du har delt seng, handkle og liknande med.

Alle i husstanden bør ta behandling på same tid, dette gjeld også viss du bur i kollektiv.

Planlegg behandlinga og set av nok tid til følgande:

- Ta av sengetøy og følg prosedyren under punktvis.
- Klipp og reingjer negler.
- Dusj og tørk hår og hårbotn med hårfønar dersom du skal behandle hårbotn.
- Smør kremen over huda på heile kroppen frå hårfestet og nedover. Hårbotn og ansikt skal behandlast hos barn under 3 år. Større barn og vaksne treng berre behandle ansikt og hårbotn dersom ein ser tydelege teikn til skabb der. Hugs å smørje nøye mellom fingrar og tær, under negler, i armholer, inni alle krokar i øyrene, rygg, navle, brystknoppar, kjønnsdelane og omkring endetarmsopninga / anus.
- Hos menn: Smør under forhud og på glans penis.
- Hos kvinner: Smør alle område med hårvekst genitalt, inkludert ytre kjønnslepper. Skal **IKKJE** smørjast på slimhinner!

Du må ha nok krem til å dekke heile kroppen. Ein vaksen person vil oftast ha bruk for 2-3 tubar Nix/Permetrin krem per behandlingsrunde. Tenutex 100 mg er oftast nok til ein behandlingsrunde. Du treng også ekstra krem/emulsjon til ettersmørjing ved toalettbesøk og handvask.

Du skal bruke ivermektin (Scatol®) tablettar samstundes med benzylbenzoat. Tablettane bør takast saman med mat for å betre opptaket av medisinen.

- Etter at du har smurt deg inn tar du på deg reint undertøy/nattøy og har det på deg i 24 timar.

- Bruk bomullshanskar den tida behandlinga varer. Dersom du MÅ vaske hendene i løpet av behandlingstida, må hendene smørjast inn på nytt, men då berre 1 gong. **MEN:** Helst unngå handvask, bruk i staden plasthanskar utanpå dei kvite bomullshanskane ved t.d. toalettbesøk.
- Etter 24 timar dusjar eller badar du på nytt og byter undertøy og sengetøy.
- Gjenta behandlinga med krem og tablettar etter 7 dagar! Følg same prosedyre.

KVA SKAL GJERAST I HEIMEN?

Skabben døyr etter 6 døgn når han ikkje er i kontakt med hud, men også om han blir utsett for svært høg temperatur. Her er råd for å hindre smitte på nytt:

- Vask alt av klede, handkle, sengetøy, kosedyr, pledd, dyner og puter du har vore i kontakt med dei siste 7 dagane på 60 grader. Tøy som ikkje toler vask på 60 grader skal leggast vekk i 7 dagar i romtemperatur (til du har avslutta andre behandling med krem).
- Ta mobildekselet av mobilen og legg det bort i 7 dagar.
- Sko som har vore i bruk dei siste 7 dagane set du bort i 7 dagar. Hugs at dette også gjeld for sports- og arbeidstøy/sko.
- Støvsug seng og madrass som eit minimum. Snu overmadrassen eller dekk madrassen med plast eller la han stå ubrukt i 7 dagar.
- Sofa/kontorstol/bilsete skal støvsugast grundig. Den/dei kan dekkast med plast eller stå ubrukt i 7 dagar.
- Frysing av klede, tekstiler og sko kan vurderast, men effekten av frysing avheng av temperatur, tid og kor tett pakka klede som skal frysast er. For å oppnå effekt må gjenstandane vere gjennomfrosne i 24 timar ved låg temperatur (-18 grader), og klede må ikkje vere for tett pakka.

KAN EG VERE SIKKER PÅ AT EG IKKJE HAR SKABB LENGER ?

Det er vanleg å klø i fleire veker sjølv om behandlinga har vore effektiv. Dersom du klør mykje etter behandlinga er avslutta, kan du dusje med olje og bruke ein fuktkrem. Du kan også bruke ein svak kortisonsalve som du får kjøpt på apotek utan resept.

Dersom du mistenkjer at du ikkje har vorte frisk, må du oppsøkje lege på nytt.

LYKKE TIL!

Har du spørsmål, kan du vende deg til:
Avdeling: Hudpoliklinikken, Hudavdelinga.
Telefon: 55973950
www.helsebergen.no